

Prolog ved markering av Bygdatun sitt 20-årsjubileum. Feira med revy og dans i «Nye» Bygdatun 28. november 2015. Revynamn: «Der ingen skulle tru».

BYGDATUN TALAR..

Kjære gjest, eg er blitt gamal, gjerne eldre enn du trur..
her eg ligg så trygg og tagal ved mi syster Nore Bru.
Dei la meg her ved Norabru`na i dei harde trettiår
og levde så i denne tru`na: «No har vi eit hus som står..»

Her skull`eg bygdefolket samle.
Alle unge og dei fleste gamle
hadde trong til saman vere,
til å dele ord og song,
til å leike og agere.
Slik var ungdoms lyst ein gong..

Mangt eg hørde, mangt eg såg:
Ja, det var nok de som låg
tett som brisling bakom sena..
reknar med de berre trena..?
Og du, som me`ne Laura kysste
så mest ho sokkebåndå mysste...?

Tida rann «som elv mot os»-
her var fest, basar og kos.
kino, bryllaup, dans og gaman.
Stemninga var trygg og lun.
-Eit hus med sjel var Bygdatun.

Til slutt eg vart så trøytt og sliten..
trangt om plassen, mykje bal.
Inn i gangen bar dei dassen,
trongare då vart min sal.
..ja, eg kjende meg så liten..

De såg eg skranta, at eg sleit
og klarte setje kveik i bygd
og så det gjekk no, som de veit:
Nye Bygdatun vart bygd.

Rosa står eg her og ragar.
Tjue år eg alt har blitt.
Tjue år med travle dagar..
-alle kjem til meg med sitt..

Takk og takk til unge – gamle
som gav på og fekk i stand,
slik at krinsen kunne samle
alle sine i mi hand.

Stort var verket som de styrte
ifrå snaufjell fram til ferdig bygg,
De, som dugnadsfolket hyrte
kan så trygt gå rett`i rygg.
De, som tenkte, grøv og måla, spikra, tekna,
motiverte, spikulerte, rekna,
de, som ansvar tok i lag og styre
utan løn .. og utan hyre:
Varme tankar, TAKK eg sender.
Respekt eg har for dykkar hender.

Her har skjedd så mykje allereie
at eg kan`kje referere alt.
Midlar trengst om ein skal greie
å gjere opp – og få betalt.

I nittisju eg skulen hyste,
og skulelysa bjart dei lyste.
Seks og seksti born i talet
som fekk rekne, sy og male.
Og kommunen, den betalte
det som styret her befalte..

Dette tok ein halvårs bolk,
så før skulen over «plassen»
og fekk leve der som folk
utan trekk og lukt frå dassen.

Elles er her gym. og messe, treff og trening.

Kvart eit lag og kvar forening
har kjøpt lut og aksjebrev,
og her trivst dei med sitt strev.

Utleigd vert eg til alt muleg,
ja, det er så heilt utruleg
kor dei har fått bruk for meg
til å underhalde seg..

Store løft og fine festar-
bygdefolk og prominente gjestar
har fått rom i Bygdatun.

Kokkekunst, ja, festmenyar,
konferansar, song, musikk, revyar,
bryllaup, dåp, ja, unge – gamle
har eg stadig greidd å samle
til fest og samver, ly og lag
i helg og yrke, natt som dag.

No eg har den von og tru
at eg i framtid trygt får leve.
-at kommunen vår – og Du
framleis vil for samhald streve.

Lat oss no isaman feire..
både du og eg..og gjerne fleire
at eg bak i nitti – åra
ei for godt vart lagd på båra,
men at godtfolk tok eit tak
for å fremje byggjesak.

Takk for meg for denne gongen-
«her, som ingen skulle tru»..

Lat oss nyte spelet, songen
-og vårt sinn mot sena snu..

(Martin K Waag)

